

Årsmelding

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

2015



Frå Salen mot Måsevassdalen, Blåfjellet og Botnafjellet

Foto: Alf Erik Røyrvik

Verneområdeforvaltar
Alf Erik Røyrvik

1. Generelt

Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009, og første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011. Verneområdet er på 394 km², og ligg i kommunane Gloppen, Naustdal, Jølster og Førde.

Styret

Det vart konstituert nytt styre for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet 13.mars.2012, etter at det var oppnemnt nye representantar frå kommunane etter kommunevalet. Styret er konstituert for perioden 2012 – 2015.

Styret i denne perioden består av:

Verv	Namn	Representerer	Vararepresentant
Leiar	Håkon Myrvang	Naustdal kommune	Tone Hjelle Cirotzki
Nestleiar	Ola Tarjei Kroken	Gloppen kommune	Gunvor Sunde
Medlem	Iris Loftheim	Førde kommune	Olve Grotle
Medlem	Oddmund Klakegg	Jølster kommune	Ragnhild Sæle
Medlem	Jorunn Eide Kirketeig	Fylkeskommunen	Olav Klungre

Styret har hatt 4 styremøte i 2015, eitt av desse var telefonmøte. Dei tre fysiske møta var i på Skei, i Førde og på Sandane. Til saman vart det handsama 34 saker i styremøta.

Styret har oppretta arbeidsutval. Det består av leiar Håkon Myrvang, nestleiar Ola Tarjei Kroken og Oddmund Klakegg. Arbeidsutvalet har fått delegert mynde til å handtere kurante hastesaker som er i tråd med forvaltningsplan og verneforskrift. Arbeidsutvalet har ikkje hatt møter eller saker i 2015. Truleg har delegering av mynde til forvaltar langt på veg fjerna behovet for møter i arbeidsutvalet.

Verneområdeforvaltaren har delegert mynde til å fatte delegerte vedtak etter visse retningslinjer. I 2015 har det blitt fatta 6 slike delegerte vedtak. Mot slutten av året vart dette myndet utvida i tråd med nye vedtekter.

Styret fekk nye vedtekter i 2015. Miljødirektoratet kom med nye vedtekter for alle nasjonalpark- og verneområdestyre. Dei største endringane gjaldt presisering av roller til styre og forvaltar, utvida høve til delegering og ein del naudsynte oppdateringar.

2. Saker

Talet på saker i Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet er på eit lågt til middels nivå samanlikna med andre store verneområde. Saksmengda har gått ned sidan styret vart konstituert, då ein har fått på plass fleirårige løyve for jamlege behov og effektive rutinar. Dei fleste vedtakssakene er motorferdselsaker, men det vert og handsama byggesaker og administrative saker.

Motorferdsel:

Her er dei løyva til motorferdsel som har blitt gjevne i 2015. Løyva har blitt gjeve av enten styret eller som delegert vedtak av forvaltar.

Søkjar	Type løyve	Føremål	Omfang/ mengde	Kor
Instedalen Skianlegg BA	Snøskuter	Løypekøyring	Ein gong per veke i 3 mnd.	Vonavatnet – Fosselvekråna
Bjørn Årdal	Snøskuter fleirårig	Transport til hytte	3 turar kvart år i 3 år	Legestølen - Årdalskupa
Gjengedal utmarkslag	Snøskuter	Transport av material til naust	4 turar	Gjengedal - Måsevassdalen
Søreide og Ryssdal Beitelag	Snøskuter	Transport av saltstein	5 turar	Jardalen - Vardevatnet
Rygg og Grov sameige	Bruk av vegar fleirårig	Transport til naust og båtar		Vegar i Traudalen
Norges Geologiske undersøkelser	Helikopter- landing	Målingar av ustabilt fjellpari	1 landing	Fjellet ovanfor Osmundnes
Gjengedalsmarkja beitelag	Snøskuter fleirårig	Transport av saltstein	3 turar/ruter kvart år i 4 år	Gjengedalsstøylen og omegn
Risbotnen beitelag	Snøskuter fleirårig	Transport av saltstein	2 turar kvart år i 4 år	Risbotnen og omegn
Øvre Naustdal Utmarkslag	Snøskuter fleirårig	Transport til hytter	10 turar kvart år i 4 år	Vonavatnet – Gotdalen
Mardal og Fitje sankelag	Båt med motor fleirårig	Transport i samband med sauesanking	9 turar t/r kvart år i 4 år	Langedalsvatnet
Mardal og Fitje sankelag	Snøskuter fleirårig	Transport av saltstein	1 tur kvart år i 4 år	Jardalen – Svartekari – Tverrfjellet

Nils Olav Kongsvik fekk avslag på søknad om å lande med helikopter på Sandfjellet i samband med eit privat arrangement. Avslaget var grunngjeve med omsyn til andre friluftsbrukarar og omsynet til presedensverknad av eit eventuelt løyve.

Kjentmannskøyring:

- Naustdal Røde Kors Hjelpekorps fekk løyve til å kjentmannskøyring på følgjande ruter:
 - Fimland – Sandfjellet, 2 turar med 2 snøskuterar.
 - Nes – Vonavatnet – Longvasshytta, 3 turar med inntil 3 snøskuterar.
 - Nes – Vonavatnet – Vonaskaret, 3 turar med inntil 3 snøskuterar.
- Hyen Røde Kors Hjelpekorps fekk løyve til å kjentmannskøyring på følgjande ruter:
 - 1 tur på ruta Ommedalsstøylen – Vasslivatnet/Botnafjellet – Gjengedalsstøylen i veke 7/8
 - 1 tur på ruta Gjengedalsstøylen – Måsevassdalen i veke 8/9.
- Jølster Røde Kors Hjelpekorps fekk løyve til å kjentmannskøyring ein tur kvart år til Longevasshytta i åra 2015, 2016 og 2017.

Byggessaker:

- Indre Sunnfjord turlag fekk løyve til å utvide Longevasshytta. Det vart gjeve løyve til å utvide hytta med 24 m², slik at storleiken auka frå 49 till 73 m². Det vart og gjeve løyve til å utvide sikringsbua. Målet med utvidinga var å gje Longevasshytta meir kapasitet til overnatting og opphold, slik at det vert meir teneleg for til dømes skuleklassar.

Inngrepssaker:

- Rygg og Grov sameige fekk løyve til å forlenge buføringsvegen i Traudalen. Grunneigarane ynskte å bygge om lag 100 m vidare på denne etter at verneområdestyret var ferdige med den strekninga som dei hadde sett av midlar til.

Klagesaker:

- Audun Rygg fekk avslag på oppføring av fjøs i på gamle tufter på Dalsbøen i 2014, og klaga på dette vedtaket. Verneområdestyret opprettheldt sitt vedtak og sende saka vidare til Miljødirektoratet for klagehandsaming. Miljødirektoratet stadfestar styret sitt vedtak og klagen vart ikkje teken til følgje.

Andre saker:

- Fagleg Rådgjevande utval vart rullert i 2015. Nytt utval vart oppnemnd, og dette skal fungere til neste rulling i 2019.
- Styret har sendt inn høyringsuttaler til ein del mindre saker.

Forvaltningsplanen:

Forvaltningsplan for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet fekk endeleg godkjenning av Miljødirektoratet hausten 2015. Mot slutten av året vart det jobba med bestilling av trykking og utsending av planen. Den vil verte trykt opp og sendt ut til grunneigarane i starten av 2016. Planen vil verte tilgjengeleg på nettsidene til landskapsvernombordet i elektronisk versjon.

3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

2015	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnad	Budsjett	Kostnad	Budsjett	Kostnad
Lønn og sosiale utg		543 531		275 823		267 708
Drift forvaltar og knutepunkt		84 365		47 281		37 084
Drift styre	140 000	51 903	90 000	31 583	50 000	20 320
Planarbeid	50 000	723	25 000	723	25 000	0
Bestillingsdialog	420 000	352 516	300 000	271 704	120 000	80 812
Tot		1 033 038		627 114		405 924

4. Tiltak / bruk av midlar

Bruk av midlar:

Midlane som verneområdestyret fekk til rådvelde i 2015, har blitt brukt på følgjande måte:

Tiltak	kostnad
Buføringsveg i Traudalen. Gjere ferdig arbeidet som vart starta på i 2014.0	110 360
Kartlegging av flora og fauna i verneområdet, med fokus på kalkkrevjande artar.	11 109
Skjøtsel Arnestadstøylen - slått av støylnskvia.	10 000
Tilrettelegging av stien langs Vonavatnet, frå parkeringsplassen og innover mot Nesstølen.	43 800
Tilrettelegging av stien til Ryssdalshorn. Avtale skriven i 2015, arbeidet vert gjort i 2016.	47 500
Parkeringsplass på Rauset.	40 000
Totalt	262 769

Verneområdestyret fekk 300.000 i tiltaksmidlar i 2015. Det kan leggast til at 10.000 gjekk med til eit tiltak som vart tildelt midlar i 2014, men der sjølve utbetalinga vart belasta 2015-rekneskapen. Desse kjem i tillegg til det som står i oversikta her.

Tilrettelegging:

- Buføringsvegen i Traudalen vart gjort ferdig i 2015. Målet med å utbetre denne stølsråsa til ein buføringsveg over ei strekning på om lag 600 m, var å sikre at storfe framleis kan kome seg innover til Dalsbøen og vidare innover på beite, og på den måten halde kulturlandskapet i hevd. I tillegg vart det veldig fint å gå for turfolk her. No er ein ferdig med den mest utfordrande delen der storfe hadde problem, og ein ser seg no ferdige med dette tiltaket. Det kan framleis vere aktuelt med litt utbetringar vidare innover, men då i eit heilt anna og mykje mindre omfang.
- Øvre Naustdal Utmarksdrag har fått støtte til å gjere tiltak på stien som går frå parkeringsplassen ved Vonavatnet og innover mot Nesstølen. Her har det tidlegare vore lagt ein del kloppar. Utmarksdraget har no lagt ut fleire kloppar, og dessutan gjort ein jobb med rydding og merking.
- På Rauset har det blitt bygd ein parkeringsplass med plass til 4-5 bilar. Denne er bygd for å unngå at folk som skal på tur oppover mot Rausetstøylen og Morafta-området skal parkere på lunneplassen til grunneigarane og dermed skape vanskar for dei i samband med skogsdrift og anna arbeid.
- Vi fekk ikkje byrja på stien til Ryssdalshorn i 2015, sjølv om det var sett av midlar til dette. Det er gjort avtale om å jobbe med denne stien i 2016.

Skjøtsel:

- Arnestad grunneigarlag har gjennomført slått på Arnestadstøylen. Vi vonar at dette vert eit jamleg tiltak.

Informasjon:

- Svein Hjelmeset gjennomførte kartlegging av flora i området rundt Morafta og på Tverrfjellet. Han skreiv ein rapport som ligg tilgjengeleg på nettsidene til Naustdal-Gjengedal landskapsvernombude.

5. Fagleg Rådgjevande utval

Fagleg Rådgjevande utval er samansett slik:

Nils Magne Gjengedal (leiar)	grunneigar Hyen
Ole Gimmetad	grunneigar Sandane
Svein Egil Svorstøl	grunneigar Naustdal
Lars Indrebø	grunneigar Førde
Inge Erikstad	grunneigar Jølster
Kjell Arne Hjellbrekke (nestleiar)	Sogn og Fjordane Turlag
Erik Solheim	Naturvernforbundet S&F
Tore Humstad	Nordfjord Folkehøgskule
(representant)	Reisemål Stryn & Nordfjord
Julie Sotnak Aaland	Sunnfjord Næringsutvikling
Vidar Aardalsbakke Djupvik	Førdefjella Villreinutval

Det står i vedtekten til verneområdestyret at det skal oppnemast eit Fagleg Rådgjevande utval. Dette utvalet skal vere samansett av grunneigarar og ulike brukarinteresser og skal vere rådgjevande ovanfor styret. Utvalet vart først oppnemnt i 2012, og no i 2015 har utvalet vore evaluert og rullert. Nytt utval er oppnemnt for perioden 2015 – 2019, der mange av representantane frå førre periode er med vidare

Utvalet har hatt eitt møte i 2015. Det var 30.sept på Skei.

6. Forvaltar

Verneområdeforvaltaren vart tilsett 1.oktober 2011 og har verka i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han delar kontor med Statens naturoppsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernombord.

Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både på planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og i dei konkrete sakene som dukkar opp.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2015:

- 13.-14. januar - Opning av Friluftslivets År i Naustdal
- 14.-15. april – Nasjonalparkkonferansen i Trondheim
- 11.-12.mai – Forvaltarsamling i Gloppe
- 27. august – Konferanse om grøn transport i Hyen
- 21.-23.september – Vernefagsamling på Sundvolden
- 2.november – Ope møte om allemannsretten på Sandane, i samband med Friluftslivets År

Møteverksemd

Verneområdeforvaltaren har delteke på og arrangert ei rekke møter i 2014. Mellom anna:

- Verneområdeforvaltaren arrangerte eit ope møte om motorferdsel i landskapsvernombordet i februar på Skei. Det var godt oppmøte frå ulike interesser og offentlege aktørar, og ein veldig god og konstruktiv diskusjon.
- Avdelingsmøter, personalsamling og andre interne møter hjå Fylkesmannen.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
- Møter med fagpersonar i kommunane.
- Uformelle møter med grunneigarar og andre.

Verneområdeforvaltaren og naturoppsyn har vore på ein del synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.

7. Bilete frå 2014



Bilete 1. Villreinsflokken på vinterbeite ved Vardevatnet

Foto: Alf Erik Rørvik



Bilete 2. Naturoppsyn Rune Holen på Traudalsnibba

Foto: Alf Erik Rørvik



Bilete 3. Ångsdalen og Langedalen nedanfor.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 4. Kloppar på starten av stien langs Vonavatnet.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 5. Egil Ravnestad og Ole Gimmestad frå Bygdeservice er nøgde med buføringsvegen i Traudalen.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 6. Kurt Fossheim frå Bygdeservice gjorde ein god jobb med minigravar på buføringsvegen.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 7. Ope møte om motorferdsel på Skei Hotell.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 8. Verneområdestyret på synfaring i Traudalen 17.nov.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 9. Gimmestadstøylen, med Sørstranda og Gloppefjorden i bakgrunnen. Foto: Alf Erik Rørvik



Bilete 10. Breidalen

Foto: Alf Erik Rørvik